



Jan Thorbjørnsen
Røsvikhaugane 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2520 - 16/21536

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
11.08.2016

Dispensasjon frå byggplassering i plan - gbnr 188/424 Gjervik Ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 400/16

Tiltakshavar: Jan Thorbjørnsen

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om om dispensasjon for oppføring av mindre tilbygg til bustad: Takoverbygg over terrasse med 15 m² bygd areal (BYA). Altan i andre etasje skal fjernast for å gje plass til tilbygget. Når dispensasjon er godkjent, kjem tilbygget inn under reglane for unntak frå søknadsplikt.

Dei fasadeendingane som er skildra i søknaden er så bagatellmessige at dei ikkje er søknadspliktige og heller ikkje treng dispensasjon.

Sakshandsamingsfrist

Dispensasjonssøknaden var komplett og klar for handsaming ved mottak den 08.08.2016.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor reguleringsplanen for Felt E Såta. Tomta er avsett til bustadføremål i planen. Tomtegrensene avviker noko frå plan.

Reguleringsplanen for Felt E såta manglar delvis tallfesta grad av utnyttingsgrad. I dei områda der bygningsplassering er synt på plankartet er grad av utnytting regulert (BYA), jf. planjuss 1/2012. Eksisterande bustad er større enn det reguleringsplanen legg opp til. Oppføring av tilbygg utanfor regulert plassering vil vere i strid med plan.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Dispensasjon

Omsøkte tilbygg krev dispensasjon frå regulert plassering av bustad for oppføring av tilbygget. Dispensasjonssøknad er motteken 08.08.2016.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 08.08.2016.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Vurdering av dispensasjon:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegnar fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggst særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensera når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Administrasjonen vurderer fordelane til å vera større enn ulempene, og omsyna bak reglane vert ikkje vesentleg sett til sides. Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som reguleringsplanen skal ivareta, blir skadelidande som følgje av dette tiltaket.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert godkjent.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for plassering av tilbygg i strid med den bygningsplasseringa som er vist i reguleringsplanen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reisa sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klaga på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage første gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og **referer til saknr.: 16/2520**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakarar:
Jan Thorbjørnsen

Røsvikhaugane 6 5914

ISDALSTØ